



Monica Østereng
Postboks 46
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1313 - 17/9766

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
12.05.2017

Førehandsvarsel - GBNR 52/17 - Krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg - Kårbø

Vass- og avlaupsanlegget Kårbø – Landsvik var ferdigstilt i januar 2013, og dei fleste grunneigarane er no kopla til. Meland kommune ønskjer at flest mogleg skal få ei god og sikker vassforsyning og avlaupsløysing, og det er difor investert store summar for å få bygd ut vass- og avlaupsnettet i kommunen. Kommunestyret sitt prinsippvedtak, datert 23.1.2008, inneber at alle eigedomar som ligg i ein avstand av 200 meter frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilknytning.

Viss tilknytning vil medføre ein «uforholdsmessig stor kostnad» kan kommunen godkjenne ei anna ordning, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2. Vi minner i den samanheng om at tilknytingsgebyret for vatn pr. 1.1.2017 er på kr 20 000,- + mva, og for avlaup kr 20 000,- + mva, jf. Meland kommune sitt gebyrregulativ. Grunneigar må sjølv kosta private stikkleidningar.

Dette er eit førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 16. Viss vi ikkje høyrer frå deg innan fredag 26. mai 2017 vil vi vurdere å fatte vedtak om krav til tilknytning til det kommunale vassanlegget på bakgrunn av føreliggjande dokumentasjon.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Monica Østereng

Postboks 46

5918

FREKHAUG